



Rettleiar for små og store arrangement i Voss herad

Voss herad har eit pulserande kulturliv og me er ei stolt arrangørbygd. Det skal vera enkelt og oversiktleg å vera arrangør i bygda vår. Her finn du nyttig informasjon og gode råd og tips til planlegging av ditt arrangement. Me er opptekne av eit godt vossaklima så hugs å ta omsyn til folk, natur og kulturminne i både planlegging og gjennomføring. Det er viktig at alle arrangement er tilgjengelege for alle og universell utforming bør difor vera eit førande prinsipp.

Det er mykje å tenkja på når ein skal arrangera noko for andre, kva skal til?

1. Løyve frå grunneigar
2. Løyve frå politiet
3. Løyve frå vegeigar
4. Melda frå til brannvesenet
5. Skjenkeløyve, servering av mat
6. Lydnivå, støy, nabovarsel
7. Hugselista for større arrangement
8. Informasjon om følgjekortordning
9. Nyttige lenkjer

1. Løyve frå grunneigar

Løyve frå grunneigar må gjevast skriftleg. Når Voss herad er grunneigar, søker du direkte til [kommunen](#). Søknad må vera sendt minimum 6 veker før arrangementet finn stad. Du må leggja ved eit kart eller ei skisse der ynskt leigeareal er markert. Andre vedlegg til søknaden varierer ut frå kvar du skal leiga og kva du skal bruka arealet til. Skal du selja mat og drikka, med eller utan alkohol, må du søkja om serverings- og skjenkeløyve.

2. Løyve frå politiet

Alle mindre arrangement, festar, dansar, markeringar og liknande som er opent for alle skal politiet ha informasjon om. Politiet kan ha viktig informasjon med tanke på tryggleik for ditt arrangement.

Dersom du skal ha ein festival eller eit større arrangement, må du levera søknad til politiet i god tid før arrangementet finn stad (seinast fire veker før arrangementet). Ved større arrangement kan det i tillegg til triveselsvakter koma krav om profesjonelle, godkjente vakter.

Melda/søk om løyve til arrangement her: [Skjema for arrangementer – Politiet.no](#)



3. Løyve frå vegeigar

Dersom arrangementet skal føregå på offentlig veg må ein ha løyve frå vegeigar. Voss herad kan gje løyve kring bruk av kommunal veg. Vestland fylkeskommune kan gje løyve til bruk av fylkesveg. Statens vegvesen kan gje løyve til bruk av riks og europaveg og gjera vedtak om skilt og trafikkreguleringar.

Søknad om arrangement på kommunal veg skal sendast til kommunen med informasjon om tid, stad, kart, vegnummer, type arrangement, korleis vegen skal nyttast i arrangementet og plan for skilting og trafikktryggleik (arbeidsvarslingsplan).

Søknad om arrangement på fylkesveg finn du [her](#).

For å arrangera sykkelritt må ein ha særskilt løyve hjå [Statens vegvesen](#).

4. Melda frå til brannvesenet

For større arrangement skal du melda frå til brannvesenet i god tid. Ver merksam på at fyrverkeri eller bruk av open eld/varme krev løyve frå brannvesenet.

Meld arrangement her:

[Melding om overnatting til brannvernet - §7 i brann- og eksplosjonvernlova - Voss herad](#)

5. Skjenkeløyve/løyve til å selja mat

Dersom du skal selja mat og drikk, med eller utan alkohol, må du søkja om serverings- og skjenkeløyve (minnum 3 veker før arrangementet). Dersom du ikkje har etablerarprøve og alkoholprøve må du ta desse i god tid før arrangementet. Du må vera 20 år og ha plettfri vandel, og ved større arrangement må du og søka om assisterande styrar for løyve.

Skjenkeområde utandørs skal vera tydeleg inngjerda og det skal vera fri breidd på minst 2,5 meter dersom området ligg på fortau.

Søk skjenkeløyve her: [Skjema for Voss herad](#)

6. Lydnivå/grenseverdier støy/nabovarsel

Rettleiaren [Musikkanlegg og helse](#), IS-0327, frå Helsedirektoratet legg grunnlag for handtering av støy under arrangement i Voss herad.

Alle utandørs arrangement skal som hovudregel slutta seinast kl. 23.00, men Voss herad opnar for at ein kan ha inntil 10 arrangementsdagar kvart år med støy utandørs eller i telt etter kl. 23.00 i Voss sentrum. Arrangørar må søka Voss herad om unntak seinast 6 veker før tilskipinga. For arrangement etter kl. 23.00, nærmare enn 400 m frå bustader/fritidsbustader, kan det koma krav om ei akustikkfagleg vurdering i forkant. Det må påreknast tilpassingar i oppsett av høgtalarar, lydnivå osv. Naboar skal varslast seinast to veker før arrangementet startar. Annonse i lokalavisa, plakatar og informasjon på heimesider/sosiale media kan erstatta personleg varsling.



For å ta omsyn til alle innbyggjarane i heradet er det viktig at arrangørar har ein god plan for handtering av støy.

Planen skal innehalda fylgjande:

- overordna skildring av arrangementet
- tidspunkt for alle aktivitetar som gjev mykje lyd
- førehandsvurdering av lydnivå og skildring av dei sterkaste lydkjeldene
- kontaktinformasjon om kven som er ansvarleg for lydnivå før og under arrangementet
- overvaking og eventuelt logging av lydnivå under arrangementet i publikumsområdet om det er fare for å overskrida varslingsgrensene i IS-0327
- plan for informasjon til naboar og til aktuelle offentlege styresmakter

7. Hugseliste for større arrangement:

- synfaring før og etter arrangement
- plan for bruk av areal
- tilgang for alle, også dei med nedsett funksjonsevne
- omsynssone til kulturminne
- risikoanalyse (ROS)
- parkering, varelevering og ålmentas bruk av ferdsleveggar
- vakthald, behov for sperremateriell?
- løyve til motorferdsel
- handtering av avfall (restavfall og tomgods)
- opprydding undervegs og tilbakeføring av lånt areal (ved manglande opprydding vil dette bli utført av Voss herad og fakturert arrangør)
- toalettkapasitet
- sanitet/beredskap
- hugs å rapportere til Tono: [Konsert og event - TONO](#)

8. Følgjekortordning

Menneske med funksjonsnedsetting eller sjukdom kan søkja og få følgjekort og då ta med eit følgje på offentlege kultur- og fritidsarrangement gratis. Følgjekortet lar følgje koma gratis med, medan den som treng følgje betalar vanleg pris. Det er opp til kvar enkelt arrangør om ein tillet bruk av følgjekort. Voss herad oppmodar alle arrangørar om fylgja ordninga med følgjekort/ledsagarbevis. Informasjon om følgjekort finn du her: [Følgjekort - Voss herad](#)

9. Nyttige lenkjer:

- Festival:
[Handbok Teknisk Festivalproduksjon](#)
[Veileder for sikkerhet ved store arrangementer | Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap \(dsb.no\)](#)
- Lyd:
[Musikkanlegg og helse](#)
- Brannvesen:



[Brannsikkerhet ved festivaler | Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap \(dsb.no\)](#)

- Tryggleik:
[Sikkerheit ved store arrangement](#)
- Tilgang for alle:
[Tilgjengelighetsmerket - Norske Kulturarrangører](#)
[Følgjekort - Voss herad](#)
- Berekraft:
[Grønt veikart](#)